

# Sameiet Hallbjønn Apartement Stølsgrenda.

## Protokoll frå sameigarmøtet – 13. april 2013 kl. 14.00

Møtestad : Hallbjønnsenteret

### Dagsorden:

1. Registrering av frammøtte og fullmakter.
  2. Valg av møteleiar, referent og to møtedeltakarar til å signere protokollen.
  3. Styrets årsmelding for 2012.
  4. Årsregnskapet for 2012.
  5. Valg av styre og varamedlemmer.
  6. Budsjett for fellesutgifter 2013.
  7. Orberedelse til ny serviceavtale med driftsselskapet HAV.
  8. Orientering frå driftsselskapet om drift og planar i tida framover.
  9. Orientering frå Skafsaa Fritid om status vedk. intensjonsavtaler om kjøp av andelar for salg av heileigde leiligheter
- 
- 1) **Registrering av frammøtte og fullmakter. Godkjenning av innkallinga.**  
Av i alt 516 andelsuker var 233 uker representert ved frammøtte eigarar og ved fullmakter – jfr. vedlegg til protokollen. Møteinnkallinga vart godkjent.
  - 2) **Valg av møteleiar, referent og møtedeltakarar til å signere protokollen**  
Til møteleiar vart vald Bjørn Erik Vesterås. Til referent vart vald forretningsfører Sigvart Asle Lie. Til å signere protokollen i tillegg til møteleiar og referent vart vald Erik Gundersen og Johannes Skeie.
  - 3) **Styrets årsmelding.**  
Styreformann Bjørn Erik Vesterås las opp og kommenterte styrets årsmelding for 2012. Enkelte punkt vart kommentert og spørsmål besvart fortløpande. Årsmeldinga vart samrøystes godkjent.
  - 4) **Årsregnskapet for 2012.**  
Årsregnskapet vart gjennomgått og kommentert av rekneskaps- og forretningsfører Sigvart Asle Lie. Overskotet vart i 2012 på kr 30.087,67. Eigenkapitalen utgjør pr. 31/12-12 kr 292.614,05  
Rekneskapan vart deretter godkjent.
  - 5) **Val av styre og varamedlemer.**  
Det har ikkje kome inn forslag på kandidatar til styret, men dei som har verva i dag har sagt seg villige til å ta ein ny periode. Dette vart godt mottatt av forsamlinga, som deretter gjorde eit samrøystes vedtak om attval av heile styret.  
Styret består derfor framleis av :

Bjørn Erik Vesterås	-	formann
Knut Siljuberget	-	medlem
Rune Semb	-	medlem
Torbjørn Staaland	-	varamedlem
Arild Rekdal	-	varamedlem
  - 6) **Budsjett for fellesutgifter 2013.**  
Forslag til budsjett vart gjennomgått og kommentert punktvis av forretningsfører. Det vil for 2013 ikkje vere nevneverdig auke i andre postar enn trådløst internett, som vart installert i kvar leilighet før påske. Styret prioriterte denne investeringa fordi det i dag er forventa at det er internett tilgjengeleg nesten overalt.

Dei kommunale avgiftene er som vanleg oppjustert med ca 10 %. Serviceavgifta til driftsselskapet er uendra frå 2012 på grunn av at dei nye eigarane ikkje har fått gjennomgått kalkyler og driftsopplegg ennå.

Sameigarmøtet vedtok deretter budsjettet for 2013 i samsvar med forslaget, som totalt utgjer kr 1.950,- pr. eigaruke.

**7) Førebuing av ny serviceavtale med driftsselskapet.**

Styreformann Vesterås orienterte om gjeldande serviceavtale med driftsselskapet Hallbjønn Aktivitets- og Vedlikeholdstjenester AS, som er forlenga inntil forhandlingane om ny avtale er sluttført. Det første møtet av planlagt i mai.

Styret vart gjeve fullmakt til å reforhandle serviceavtalen med HAV. Samtidig vil styret ta opp spørsmålet om eventuelt innløyising av festekontrakten for bygga.

**8) Orientering frå driftsselskapet om planar for framtidig drift og utbygging.**


To av dei nye eigarane, Thor Nilsen og Bjørn Egerdahl, orienterte om det dei allereie hadde gjort av investeringar i Hallbjønnsenteret før jol 2012 for å få drifta i gang att til sesongen og om planane deira for vidare utbygging av senteret. Dei vil halde fram med samarbeidet med RCI, noko som vil gje fleire gjester i senteret som kan styrke driftsgrunlaget i restauranten. Dei vil også fornye leigeavtalene med andelseigarane i leilighetane. Alle fekk eit godt inntrykk av dei nye eigarane og vi ynskjer dei lykke til.

**9) Skafsaa Fritid – intensjonsavtale om kjøp av andelsuker.**

Styremedlem Rune Semb orienterte om selskapet, som vart oppretta i 2010 for å kjøpe andelsuker frå eigarar som ikkje lengre brukar ukene sine slik at selskapet deretter kan markedsføre og selge heile leiligheten.

Formålet er å få fleire "aktive" eigarar i Sameiget og samtidig gje dei som ønskjer å selge seg ut ein kanal for marknadsføring og salg. Selskapet driv dette arbeidet for eigen rekning og risiko slik at sameigarane ikkje skal ha kostnader knytta til salg av andres andelsuker. Foreløpig siste leilighet som vart seld var leilighet nr. 25, som fekk nye eigar frå 1.februar i år.

Møtet heva kl. 16.15



Bjørn Erik Vesterås  
Møteleiar

Erik Gundersen

Johannes Skeie



Sigvart Asle Lie  
Referent

